



Statens vegvesen

Fedje kommune
Kommunehuset
5947 FEDJE

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kristian Bauge / 55516337

Vår referanse:
18/187731-43

Dykkar referanse:

Vår dato:
08.02.2019

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy – Nordhordlandspakken

Det vert vist til handsaminga av Prop. 87 S (2017–2018), der Stortinget har vedtatt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy vert avvikla. Det er lagt opp til at eksisterande prosjekt kan innføre bompengavgift for nullutslippskøyretøya som ligg mellom 0 og 50 pst. av den ordinære taksten, dersom det er lokalpolitisk tilslutnad til dette.

Som ein del av oppfølginga av Prop. 87 S (2017–2018) har Statens vegvesen, Region vest informert det regionale bompengeselskapet Ferde AS om endringa i takstretninglinjene. Ferde AS har bede om at det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i dei prosjekta og pakkane i regionen der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføre ein slik avgift.

Statens vegvesen, Region vest sender på denne bakgrunn saker til politisk handsaming i alle kommunar i regionen som har bompengeprojekt eller –pakker der det ikkje er fatta vedtak om betaling for nullutsleppskøyretøy.

Takst for nullutsleppskøyretøy

Oppheving av fritaket for nullutsleppskøyretøy medfører at kommunane og fylkeskommunen kan vedta kva for eit nivå bompengavgifta for nullutsleppskøyretøy skal ha innanfor intervallet 0–50 pst. av ordinær bompengetakst.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama 25. oktober 2018 sak 254/18 om bompengavgift for nullutsleppskøyretøy, og fatta følgjande vedtak:

1. *Fylkesutvalet legg til grunn at alle bompengeprojekt og –pakkar i Hordaland skal ha 50 % bompengar for nullutsleppskøyretøy.*
2. *For bomringen i Bergen viser fylkesutvalet til allereie vedtekte avtale i Miljøløftet om at elbilar skal betale ein rabattert takst på ti kroner utanom rushtid, og 20 kroner i rushtida når andelen elbilar når 20 prosent av alle passeringar.*

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vedtaket frå Hordaland er i tråd med det Stortinget har slutta seg til at kan leggjast til grunn for nye bompengeprojekt. Det medfører at kommunane, innanfor ramma av det fylkeskommunale vedtaket, kan velje om ein vil innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøy på 50 pst. av den rabatterte taksten for dei konvensjonelle køyretøya, eller om ein vil halde på 0 pst. i bompengetakst for nullutsleppskøyretøya, slik ordninga i praksis fungerer i dag, etter at Prop 87 S (2017–2018) vart vedteken.

Om kommunane vel å vedta eit anna takstnivå enn 50 pst. etter rabatt for nullutsleppskøyretøya vil det, slik SVV vurderer saka, krevje ny handsaming i fylkeskommunen.

Nye bompengetakster i Nordhordlandspakken

I Prop. 87 S (2017–2018) er det omtalt at det for nye bompengeprojekt i utgangspunktet skal leggjast til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 skal ha 0 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy, dersom det ikkje er fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna. Det fylkeskommunale vedtaket spesifiserer ikkje om bompengavgift for nullutsleppskøyretøya gjeld alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1 (inntil 3500 kg). Statens vegvesen legg difor til grunn at det vert opp til kommunane å avgjere om avgifta skal gjelde alle nullutsleppskøyretøy, eller berre dei som sorterer under takstgruppe 1.

For Nordhordlandspakken medfører endringa følgjande takstar (2017–prisar¹):

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	Kr 19	Kr 31
Nullutslepp	Kr 7,6	

Takstgruppe 1: Køyretøy med tillaten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tillaten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Konvensjonelle køyretøy i takstgruppe 1 som passerer med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke får 20 pst. rabatt.

Nullutsleppskøyretøy: Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet eller HY-registreringsskilt. Redusert takst for nullutsleppskøyretøy krev gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke.

Prosess

Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy vart presentert for kontaktutvalet for Nordhordlandspakken 13.11.2018. Ein vart i møtet einige om at Statens vegvesen sender sak til lokalpolitisk handsaming i kommunane slik at ordninga kan vere på plass i

¹ Takstane skal prisjusteast til aktuell kroneverdi ved innkrevjingsstart.

Nordhordlandspakken ved innkrevjingsstart. Saka vart presentert som orienteringssak for Regionrådet 25.01.2019. Det er ønskjeleg at kommunane handsamar saka før sommaren 2019 dersom det er mogeleg.

Kontaktperson hos Statens vegvesen, Region vest er Kristian Bauge kristian.bauge@vegvesen.no. Kommunen bes ta kontakt om det er spørsmål eller behov for avklaringar.

Tilråding

Statens vegvesen tilrår kommunane å fatte følgjande likelydande vedtak, i tråd med Prop. 87 S (2017–2018), og vedtaket frå Hordaland fylkeskommune av 25.10.2018:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal
Avdelingsdirektør

Bauge Kristian

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til
Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM
Fedje kommune, Kommunehuset, 5947 FEDJE
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune, Postboks 23, 5981 MASFJORDNES
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
Modalen kommune, Postboks 44, 5729 MODALEN
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Kopi
Ferde AS – Firmapost,
Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 ISDALSTØ



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlende enhet: Region vest Saksbehandler/telefon: Kristian Bauge / 55516337 Vår referanse: 18/187731-4 Deres referanse: Vår dato: 03.09.2018

Label_UO

Bortfall av fritaksordning for nullutslippskjøretøy. Innføring av takst på mellom 0 og 50 prosent av ordinær takst

Det vises til stortingsbehandlingen av Prop. 87 S (2017–2018) Innst. S. nr. Innst. 380 S (2017–2018), hvor Stortinget har bestemt at det skal være bortfall av fritaksordningen for nullutslippskjøretøy, med innføring av takst på mellom 0 og 50 prosent av ordinær takst.

Statens vegvesen er bedt om å gjøre bompengeselskapene kjent med endringen. Regjeringen legger nå opp til at det lokalt kan fastsettes en takst for nullutslippskjøretøy i alle bompengeanlegg. Takstene kan variere mellom 0 og 50 pst. av ordinær takst fratrukket brikkerabatt¹.

I AutoPASS-anlegg betinger takst som nullutslippskjøretøy elektronisk brikke og gyldig avtale. I tråd med bompengepolitikken generelt forutsettes det lokalpolitiske vedtak for å forankre takstnivået for nullutslippskjøretøy.

I bypakker med miljødifferensierte takster skal nullutslippskjøretøy ikke betale mer enn 50 pst. av det bensindrevne kjøretøy betaler. Det er ikke et krav om elektronisk brikke og gyldig avtale for betaling av bompenger som nullutslippskjøretøy i bypakker med miljødifferensierte takster.

Med nullutslippskjøretøy menes elbiler og hydrogenbiler. Med ovennevnte stortingsbehandling faller dermed tidligere gitte fritak for elektroniske biler, jf.

¹ Eksempelvis kan det foreligge et lokalpolitisk et vedtak om 50 pst. takst for nullutslippskjøretøy i et prosjekt der takstene i takstgruppe 1 er på 30 kr. Med elektronisk brikke og gyldig avtale vil da prisen for et nullutslippskjøretøy være 50 pst av skilttaksten fratrukket brikkerabatten på 20 pst., dvs. 12 kr.

Samferdselsdepartementets brev av 23.12.96, og hydrogenbiler, jf. Samferdselsdepartementets brev av 13.10.2008, vekk.

I planleggingen av nye bompengeprosjekter legges det i utgangspunktet til grunn en takst for nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 på 50 pst. av takst etter brikkerabatt, og i takstgruppe 2 på 0 pst., dersom det ikke er fattet lokalpolitiske vedtak om noe annet innenfor gjeldende rammer.

I eksisterende prosjekter vil taksten for nullutslippskjøretøy ved denne endringen i utgangspunktet være på 0 pst av ordinær takst. Det er åpnet for at det også kan tas betaling for nullutslippskjøretøy i disse bompengeprojektene. Dette forutsetter lokalpolitisk tilslutning til dette.

Det legges opp til saksbehandling slik den er beskrevet i Vegvesenets håndbok 102 kap. 3.5.2;

1. Regionen tar kontakt med bompengeselskapet og orienterer om muligheten for å endre takst og rabattsystemet vedrørende el-biler og hydrogenbiler med HY-registreringsskilt.
2. Bompengeselskapet vurderer saken og gir tilbakemelding om de ønsker en slik endring.
3. Regionen behandler søknaden og sørger for lokalpolitisk behandling av forslag til nye takster.
4. Det fattes lokalpolitiske vedtak om betaling (må være enighet mellom kommuner og fylkeskommunen som er involvert i prosjektet).
5. VD/SVV fatter takstvedtak som følges opp med kunngjøring på vanlig måte. Justering av takster som følge av økte inntekter, vurderes i den løpende oppfølgingen av prosjektene (årlige regnskapsoppfølgingen).

Det vil forøvrig ikke bli lagt opp til en omfattende felles omlegging i forbindelse med ovennevnte endring i takstretningslinjene. Informasjon om ordningen vil også legges ut på autopass.no.

Vi ber om at brevet gjøres kjent for de selskap under Ferde AS som har egen daglig ledelse.

Med hilsen

Tone Margrethe Oppedal
Avdelingsdirektør

Bauge Kristian

Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.

Vedlegg: Prop. 87 S (2017–2018).

Likelydende brev sendt til
Ferde AS, Postboks 2623, 5836 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6861 LEIKANGER

Dykkar ref.:
18/187731-4

Vår ref.:
18/8 - 3 / BJOMIDT

Dato:
14.09.2018

Om bortfall av fritaksordning for nullutsleppskøyretøy i bomregion sørvest

Vi viser til brev frå Statens vegvesen Region vest frå 3.9.2018 om «*Bortfall av fritaksordning for nullutslippskjøretøy. Innføring av takst på mellom 0 og 50 prosent av ordinær takst*». I brevet er det lagt opp til ein saksgang og ein rutine der bompengeselskapet vurderer saka og gir tilbakemelding om selskapet ønskjer ei slik endring.

Ferde konstanterer at takstretningslinjene no vert endra. Ferd ber om at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i samsvar med føringane i Prop. 87 S (2017-2018) i dei prosjekta og pakkane i bomregion sørvest der det er lokalpolitisk tilslutnad om å innføra ei slik avgift.

Vi ber om at Statens vegvesen gjer denne tilbakemeldinga kjent for dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane der bompengetakstar for nullutsleppskøyretøy vert lokalpolitisk handsama.

Med helsing

Trond Juvik
administrerende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Statens vegvesen Region Postboks 723 Stoa 4808 ARENDAL
sør

Kontakt info

Telefon 55 55 94 94
Epost post@ferde.no
Web <https://ferde.no>
Org.nr. 918012745

Postadresse

Ferde AS
Postboks 2623
5836 Bergen

Besøksadresse

Ferde AS
Fjøsangerveien 68
5068 Bergen

Saksbehandler

Bjørn Inge Midtgård
bjorn.inge.midtgard@ferde.no